



Lærdal
kommune

Kommunedelplan for oppvekst og utdanning 2024-2034

Lærdal kommune skal vera ein god plass å veksa opp i.



Grøne
Lærdal

Føreord

Kommunedelplan for oppvekst og utdanning 2024-2034 er ein overordna strategiplan for kommunalområdet oppvekst og utdanning. Planen skal dekkja eit breitt område frå helsestasjon 0-20 år og opplæring i barnehage og skule til fritidstilbod og uformelle møteplassar. Det er difor fokusert på breidde og heilskap for å få til ein felles praksis.

Samfunnsdelen 2018 - 2030 peikar på at *«for å skapa og oppretthalda eit velfungerande samfunn, er det viktig at innbyggjarane trivst og opplever det som godt å bu i Lærdal. Lærdal er ein kommune ein ynskjer at folk skal busetja seg i, og då bør vilkåra for trivsel vera gode.»*

Fokus på barn og unge er forankra i FNs barnekonvensjon og vert konkretisert ytterlegare i kommuneplanen sin samfunnsdel, der trygge og gode oppvekstsvilkår er eit av hovudsatsingsområda. Det å gje barn og unge trygge og gode oppvekstsvilkår er ei av samfunnet og Lærdal kommune sine viktigaste oppgåver. Ein god barndom gjev eit godt grunnlag for eit godt, innhaldsrikt og meningsfullt livsløp.

Barn og unge i Lærdal skal oppleva å gå i barnehagar og skular med høg kvalitet der tilpassa opplæring er grunnmuren, og ved behov skal den enkelte få rett hjelp til rett tid av eit kompetent og koordinert hjelpeapparat. Alle tilsette som arbeider inn mot barn og unge skal jobba heilskapleg og førebyggjande. På den måten vil ein kunne avdekka eventuelle utfordringar så tidlig som mogleg, og få sett inn riktige tiltak på eit tidleg stadium.

Kommunedelplan for oppvekst og utdanning skal kasta lys over oppvekstsektoren i eit 10-års perspektiv. Handlingsdelen i planen skal synleggjera mål og tiltak i eit 4-års perspektiv.

Innhald

Føreord	2
Føremål med oppvekstplanen	4
Planområde	4
Medverknadsprosess frå barn, ungdom og føresette	5
Nasjonale føringar	5
FNs barnekonvensjon og berekraftsmåla	5
Lokale føringar	6
Visjon – Grøne Lærdal og miljømedvitne Lærdøler	6
Lokale utfordringar og moglegheiter – kunnskapsgrunnlag	6
Minoritetsspråklege barn og unge	7
Oppveksttilhøve i Lærdal	7
Samfunnsmandatet til barnehage -og skulesektoren	8
Helsestasjon og skulehelsetenesta	9
Svangerskapsomsorg	10
Barnevern	10
PPT	10
Lærdal kulturskule	11
Lærdal folkebibliotek	11
Skulebibliotek	12
Lærdal kommunale ungdomsklubb - Kosen	12
Fokusområde på oppvekstfeltet	12
1. Livsmeistring og inkludering	12
Tryggleik og inkludering i barnehage og skule	13
Heilskap og samanheng i utdanningsløpet	13
2. Utdanning og opplæring	14
Tilrettelegging og tilpassa opplæring i barnehage og skule	15
Ha eit bevisst fokus og ein langsiktig strategi for kompetanseutvikling i tenestene under oppvekst og utdanning	15
Sikre godt inneklima, oppdatert datateknologi og trygge læringsmiljø i skule og barnehagane ..	16
3. Organisasjon og samhandling	17
Samhandling rundt utsette barn og unge – BTI er eit felles satsingsområde	17
Heim og dei ulike oppveksttenestene i samarbeid til beste for barnet	18
Felles forståing for gjeldande planar, rutinar og handbøker for oppvekst og utdanning	20

Føremål med oppvekstplanen

Føremålet med Oppvekstplanen er å sjå dei raude trådane i oppvekstsektoren, og gjennom dette ta dei rette strategiske vala for å tilretteleggja for gode oppvekstsvilkår for alle barn og unge i Lærdal kommune. Samfunnsdelen 2018-2030 har som målsetting at *Lærdal kommune skal vera ein god plass å veksa opp i*.

Oppvekstplanen vil vera eit viktig politisk styringsdokument. Her vert det synleggjort korleis politisk og administrativ leiding ynskjer at tilbod skal leggjast til rette for inn mot barn og unge. For at planen skal fungera som eit godt og aktuelt verktøy bør den bli revidert kvart fjerde år.

Kommunedelplan for oppvekst og utdanning skal forenkla plansystemet, og leggja til rette for meir effektiv handtering og rullering av lovpålagde oppgåver innanfor planarbeid. Det er òg behov for å tenka meir heilskapleg mellom barnehage og skule, og meir tverrfagleg for alle einingar som jobbar inn mot barn og unge og deira foreldre/føresette. Planen tek utgangspunkt i eksisterande lokale planar og brukarundersøkingar i tillegg til nasjonale føringar. Nasjonale lovverk styrer kommunens handlingsrom og handlingsplikt i lag med lokale planar.

I oppvekstplanen har me delt inn i tre fokusområder:

1. Livsmeistring og inkludering
2. Utdanning og opplæring
3. Organisasjon og samhandling

Denne inndelinga fungerer som ei enkel gruppering av utfordringsområda og målsettingar. Kvart fokusområde skal kasta lys over korleis me ynskjer å jobba i Lærdal kommune. Denne inndelinga med målsettingar dannar grunnlaga for oppvekstplanen sin handlingsdel.

Planområde

Planen er å sjå på som eit verdidokument og ein overordna plan som skal synleggjera og forplikta arbeidet med å leggja til rette for at alle barn og unge i Lærdal skal motta eit godt oppvekst -og utdanningsløp. Planen skal gjera greie for korleis kommunen skal sikre kvalitet og etterleva dei krav og forventningar som er retta mot tenestene som jobbar inn mot barn og unge. Desse tenestene omfattar barnehage, skole, kultur-, idrett- og friluftstilbud, barnevern, pedagogiske støttetjenester (PPT, logoped, spesialpedagog), helsetenester (jordmor, helsesøster, fysioterapeut, ergoterapeut, psykolog, psykisk helserådgiver), flyktningkontor og koordinatoransvar for individuell plan.

Andre kommunale planar som omhandlar barn og unge er kommunedelplan for helse - omsorg og folkehelse, plan for idrett og friluftsliv, førebyggjande plan for barn og unge og plan for vald i nære relasjonar. Legeteneste til barn og unge, støttekontakt, privat- og institusjonsavlastning til barn og unge, økonomisk sosialhjelp samt koordinerende eining for re-/habilitering er omtala i kommunedelplan for helse, omsorg og folkehelse.

Medverknadsprosess frå barn, ungdom og føresette

Planprosessen har lagt stor vekt på medverknad fra barn og unge, og har hatt som mål å skapa eigarskap og brei forankring. Planprosessen har vore organisert som eit prosjekt under namnet «Tett på» med styringsgruppe, prosjektgruppe, referansegruppe og arbeidsgrupper. Ungdomsrådet har vore spesielt involvert. Barnerepresentanten har vore invitert og har bidrege som deltakar i arbeidsgruppa.

Det har vore gjennomført medverknadsprosess i høve planarbeidet gjennom ungdomsrådet. I tillegg har det vore gjennomført arbeidsverkstad og spørjeskjema frå 6-10. klasse, og spørjeskjema til foreldre og føresette i barnehage og skule. Spørsmåla har handla spesifikt om barnehage og skulekvardagen, om oppvekst som heilskap i Lærdal kommune og om kjennskap til og bruk av dei ulike kommunale hjelpetenestene.

Nasjonale føringar

Viktige nasjonale mål er å sikra gode oppvekstmiljø som gir barn og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknadar. Dessutan må dei ha fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ein kvar tid er i samsvar med eksisterande kunnskap om barn og unge sine behov. Offentlege myndigheiter som jobbar for å sikra befolkninga si velferd er i stor grad einige om at førebygging av utanforskap er noko av det viktigaste me kan arbeida med for å sikra vår berekraftige velferdsstat vert vidareført. Ein god barndom er ei investering.

Den økonomiske utviklinga tilseier at ein ikke kan venta vekst i dei økonomiske rammevilkåra i offentlig sektor frametter. Tilgang på kompetent arbeidskraft ser og ut til å bli ei framtidig utfordring som me alt har fått kjenna litt på. Det er trong for nytenking/innovasjon og omstilling i dei kommunale tenesteområda. Nyare føringar i ulike lovverk har medført ei forskyving av oppgåver frå spesialisthelsetenesta til kommunehelsetenesta. Det krevst ekstra merksemd rundt kompetansebehovet i dei kommunale helsetenestene til barn og unge og dimensjonering av desse.

Tenesteområda i oppvekstfeltet er heimla i ulike lovverk, forskrifter og faglege retningslinjer. Barnehage og skule driftar etter «Lov om barnehage (barnehagelova)» Lov-2005-06-17-64 og «Lov om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)» Lov-2023-06-09-30. Helsetenestene til barn og unge er heimla i «Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester» (LOV-2011- 06-24-30). Barnevernstenesta til «Lov om barneverntjenester» (LOV2017-06-16-63). Kulturkontoret til «Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd» (LOV-2007-06-29-87), «Lov om kulturminner», «Lov om friluftslivet» (LOV-2017-05-11-26), «Lov om folkebibliotek» (LOV2013-06-21-95). Felles for alle tenesteområda er bl.a. «Lov om folkehelse» (LOV-2011- 06-29-89).

FNs barnekonvensjon og berekraftsmåla

Kommunedelplan for oppvekst og utdanning vil både direkte og indirekte understøtta arbeidet med å nå fleire av FN sine 17 berekraftsmål. Kommunen har plikt til å respektera og garantera barn sine rettar på same måte som den er forplikta til å følgja gjeldande lovverk. FNs barnekonvensjon og berekraftmåla ligg til grunn i denne planen.

Lokale føringar

Kommuneplanens samfunnsdel med visjon, hovudmål og satsingsområde er retningsgjevande for oppvekstplanen og ligg til grunn for overordna mål.

Visjon – Grøne Lærdal og miljømedvitne Lærdøler

Barnehagane og skulane jobbar med å danna miljømedvitne Lærdøler. Visjonen i samfunnsdelen har stor plass i barnehage -og skulekvardagen og er forankra i årsplanar som del av opplæringa.



Lærdal som trafiksikker kommune

Barnehagane og skulane har utarbeida rutinar for å ta i vare sikkerheita på turar til fots, med el sykkel, bil eller kollektivtransport i samband med at Lærdal kommune i 2024 vart godkjent som trafiksikker kommune. Me har trafikkopplæring i barnehagar og skular etter måla i læreplan og rammeplan for barnehage «nærmiljø og samfunn». Oppvekst har godt samarbeid med til dømes trygg trafikk og politiet i dette førebyggjande arbeidet.



Lokale utfordringar og moglegheiter – kunnskapsgrunnlag

Verda endrar seg i raskare takt enn tidlegare, og det er naudsynt å vera førebudd på stadige omstillingar. Sentrale utviklingstrekk er blant anna globalisering, digitalisering, større krav til omstilling i arbeidslivet, endringar i familierelasjonar og aukande sosial mobilitet. Innanfor oppvekstområdet må det leggjast til rette for gode tenester for alle barn og unge. Barn og unge må få moglegheit til å utvikla relasjonelle og faglege ferdigheiter som gjer at dei blir rusta til å møte vaksenlivet og dei omstillingane som krevst.

Lærdal kommune har dei siste åra hatt fleire utfordringar når det gjeld barn, unge og oppvekstvilkår i kommunen. Utfordringsbiletet baserer seg på statistikk frå kommunens oppvekst- og folkehelseprofil (folkehelseinstituttet 2023), kommunehelsa statistikkbank (Folkehelseinstituttet 2023) Ungdata-undersøkingane som er gjennomførte i 2017, 2021 og 2024 (Velferdsforskningsinstituttet NOVA), attendemeldingar frå kommunale instansar, BTI-undersøking, workshops med barn- og unge og medverknadsprosess med attendemelding frå føresette.

Når det gjeld kommunen sitt tenestetilbod så har det lenge vore ei utfordring at kommunale einingar som jobbar med gravide, barn, unge og familiar i for liten grad samordnar tenestene sine, samhandlar og samarbeider til det beste for brukargruppa. Fafo-rapporten «*Trøbbel i grenseflatene*» (2020) syner også at dette er ei utfordring nasjonalt. I tillegg er det ei lokal utfordring at førebyggjande tiltak på universelt og selektivt nivå manglar og/eller ikkje er sett i system. Lærdal kommune har heilt frå 2021 hatt eit målretta utviklingsarbeid for å betra desse utfordringane i kommunen og for å byggja opp ei «verktøykasse» lokalt som skal styrkja dei lokale einingane til å jobba førebyggjande og med tidleg innsats. Det målretta arbeidet skjer gjennom prosjekta «Tett på barn og unge» og Betre tverrfagleg innsats (BTI). Det er utarbeidd «førebyggjande plan for barn og unge» i kommunen. I tillegg er det og utarbeidd «plan for vald i nære relasjonar».

Minoritetsspråklege barn og unge

I Lærdal kommune er det fleire barn og unge med fleirkulturell bakgrunn. Nokre familiar har kome som flyktningar, andre som arbeidsinnvandrarar.

Med minoritetsspråklege barn og unge forstår me barn og unge som har eit anna morsmål enn norsk. Barn med minoritetsspråklig bakgrunn har dei same rettane som andre barn i barnehage og skule. Kommunen må arbeida for å leggja til rette for at alle barn får eit fullverdig og likeverdig tilbod. Der det er mogleg bør me gi tilbod om særskild språkopplæring med norsk som andrespråk og morsmålsopplæring.

Det er viktig at barnet opplever norsk dagleg av ein omsorgsperson som t.d. ein barnehagelærar. Forsking viser at det å veksa opp som to-eller fleispråkleg har store fordelar for læring i tidleg alder, kanskje seinare òg. For barn som ikkje får høve til å læra norsk som morsmål, kan det bli ei utfordring når dei kjem i skulen. Målet må vera at barnet både har eit funksjonelt språk til læring i skulen, og samstundes har same språk som sine føresette. I samtalar med minoritetsspråklege føresette, er det viktig å nytta autorisert tolk, både for at dei føresette skal få viktig informasjon, men òg for at dei skal kunna formidla sine tankar og meiningar.

I «introduksjonsprogrammet» vil føresette som er flyktningar få informasjon om kva forventningar det norske samfunnet har til foreldrerolla. Føremålet er å fremja integrering ved å gi dei føresette tryggleik, slik at dei kan gi barna ein god oppvekst i Lærdal kommune. Her skal det i tillegg vera etablert eit tilbod om foreldrerettleiing for deltakarar i introduksjonsprogrammet med barn under 18 år.

Oppveksttilhøve i Lærdal

Lærdal kommune gir samanhengande tilbod frå helsestasjon til opplæring i barnehage og grunnskule. Me følgjer kvart barn si utvikling tett og set inn ekstra innsats raskt når det

trengst. Barna si utvikling blir fulgt opp og det blir brukt relevant kartleggingsmateriell der det er aktuelt. Systematisk samarbeid mellom opplæringsnivåa og med andre faginstansar gir oss tilgang til den samla kompetansen i kommunen.

Samfunnsmandatet til barnehage -og skulesektoren

Barnehagane og skulane skal, i samarbeid med heimen, sørge for at alle som veks opp i Lærdal kommune får eit godt fagleg og sosialt grunnlag for å medverka i samfunnet gjennom heile livet. Gjennom utdanningsløpet skal alle ha moglegheit til vidare utdanning og jobb. Alle som jobbar med barn og unge i undervisningsetaten er avhengige av at føresette og lokalsamfunnet har tillit til at oppgåvene vert løyst på ein trygg og god måte for alle barn.

Samarbeidsorgan i barnehagane og skulane, samarbeidsutvalg (SU) og Foreldreråda sine arbeidsutvalg (FAU), er viktige for å styrke dialogen mellom heim og barnehage/skule. I Lærdal deltek og lokalpolitikarar i samarbeidsutvala. Barnehagane si teneste er forankra i barnehagelova sin formålsparagraf. Når det gjeld grunnskulen si teneste er føremålet med opplæringa skildra i opplæringslova sin formålsparagraf. Skulane og barnehagane skal og gjenspegla kommunen sin visjon «Grøne Lærdal».

Gjennom barnehage, skule og SFO skal det leggjast til rette for læring og utvikling. Barn og unge skal oppleve å lukkast i sitt læringsarbeid, og dei skal bli motiverte til vidare utdanning. Barnehagar og skular er viktige arenaer for barn og unge i deira barndom og ungdomstid. Det er barnehagen og skulen sitt ansvar i lag med føresette og barn/elevlar å leggja godt til rette for den enkelte sin trivsel, tryggleik og læring. Leik, det å være saman og bygga vennskap, er vesentlige element i kvardagen som fremjer trivsel, tryggleik og læring. Det er kommunen sitt ansvar å sikra at alle barn og unge får den ekstra hjelpa og tilrettelegginga dei har behov for.

Barnehagane og skulane skal ta tak i læringsutfordringar tidleg. Opplevde vanskar skal ikkje få utvikla og forsterka seg. Elevar med behov for det, skal i barnehage og på 1.-4.trinn over kortare periodar få ei særleg tilrettelegging, intensiv opplæring, så dei kan følgja læringsarbeidet innanfor klassen sine rammer, eller med tilpassa opplæring. Det skal vere fokus på å bygga trygge læringsmiljø. Kommunen skal arbeida med å auka kvaliteten på tilpassa opplæring og individuelle rettar i samarbeid med pedagogisk-psykologisk teneste; PPT.



Bilete frå songsamling på Lærdal bu og omsorgsheim «Livsgledebarnehage»



Barn og unge er framtidens ressurs for Lærdal kommune. Barn og unge er og med på å forma Lærdal gjennom barne- og ungdomstida. Kommunen har ansvar for å leggja til rette for at barn og unge tek aktiv del i, og fungerer som ressurs for sitt eige lokalsamfunn. Lærdal sine barnehagar og skular skal sikra inkluderande fellesskap der ulike menneske og ulike kulturelle ytringar vert møtte med respekt. Barnehagar og skular skal medverka i arbeidet for at barn og unge får moglegheit til god helse og god livskvalitet. Gjennom arbeidet i barnehage, skule og SFO vil dei tilsette støtte og styrka foreldre og lokalsamfunn i arbeidet med å gje barn og unge betre føresetnader for god livsmeistring.

Helsestasjon og skulehelsetenesta

Førebyggjande og helsefremjande arbeid skal forankrast i kommunalt planverk og i rutinar og prosedyrar i tenestene. Svangerskapsomsorg, helsestasjons- og skulehelsetenesta skal førebyggja sjukdom og fremja god psykisk og fysisk helse. Dei skal ha kontakt med alle familiar, barn og ungdom 0-20 år, og gi tilbod om vaksinasjonar, helseundersøkingar og rettleiing om korleis ein kan førebyggja sjukdom og utfordringar. I samtalar mellom helsestasjon og minoritetsspråklege føresette, er det viktig å nytta tolk, både for at dei føresette skal få viktig informasjon, men òg for at dei skal kunna formidla. Det vanlege er å nytta telefontolk.

På helsestasjonen vil du møte helsesjukepleiarar, jordmor og legar. Me samarbeider med barnehage og skuletilsette, fysioterapeutar, barnevern, spesialisthelsetenesta for barn og unges psykiske helse (BUP), koordinerande eining og pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) m.fl. Det er ikkje avsett spesifikk ressurs med tanke på fysioterapi knytt til denne tenesta, men i følgje den nasjonale rettleiaren for helsestasjons- og skulehelsetenesta bør ein ha fysioterapeut knytt til tenestene. I Lærdal kommune samarbeider me systematisk med fysioterapeut ism. 4 månaders konsultasjon og 1. klasse undersøking. Elles etter behov.

Fokusområda til helsestasjonen er:

- fremja god psykisk og fysisk helse
- fremja gode sosiale og miljømessige forhold
- førebyggja sjukdom og skader
- utjamna sosiale helseforskjellar og
- førebyggja, avdekka og avverga vald, overgrep og omsorgssvikt.

Helsestasjon og skulehelsetenesta arbeider etter det aktuelle lovverk og retningslinjer og følgjer opp det nasjonale programmet for tenesta.

Mål med program i helsestasjons- og skulehelsetenesta:

- Å førebyggja alvorlege komplikasjonar og sjukdom hjå mor og barn som følgje av svangerskap, fødsel og barseltid
- at foreldre og føresette skal oppleve meistring i foreldrerolla
- å bidra til eit godt samspel mellom foreldre og barn
- å fremja fysisk, psykisk og sosial utvikling hjå sped- og småbarn
- å førebyggja, hindra og oppdaga vald, overgrep og omsorgssvikt
- å oppdaga fysiske og psykiske utviklingsavvik på eit tidleg tidspunkt
- å bidra til at barn får oppfølging og vert tilviste vidare ved behov

- å fremja elevens helse, trivsel og læring.
- hjelp til å meistra utfordringar i kvardagen
- Auke helsekompetanse som for eksempel kompetanse om seksuell helse.

Svangerskapsomsorg

Førebuing til foreldrerolla byrjar allereie i svangerskapet. På helsestasjonen er det jordmor som tilbyr svangerskapsomsorg for dei gravide og deira partnarar. Føremålet med oppfølginga i svangerskapsomsorga er å bidra til ein helsefremjande livsstil og å redusera sjukdom og dødelegheit hjå mor og barn. Jordmor skal tilby heimebesøk tre dagar etter fødsel, helse- sjukepleiar skal tilby heimebesøk innan 10 dagar etter fødsel. Føremålet med heimebesøka er å møta den nyfødde og deira familiar for å koma tidleg inn og gje rettleiing og anna naudsynt oppfølging. Familiane får då vera i kjende omgjevnader, noko som ofte gir ein betre innfallsvinkel til det vidare samarbeidet mellom helsestasjonen og familiane. Helsestasjonen ser alle barn jamleg frå fødselen og følgjer med på barnet si fysiske og psykososiale utvikling.

Barnevern

Aurland kommune er vertskommune for felles barnevernteneste med Lærdal. Samarbeidet starta 1.september 2009.

Barnevernet skal jobba aktivt med barnevernreforma, også kalla oppvekstreforma. Det er viktig å halda fokus på tilstrekkeleg inngang av saker slik at det vert satt inn hjelp på lågast mogleg tiltaksnivå. Det er også trong for kompetanse på tiltaksområdet i kommunen, og medotdar for god samhandling på tvers av tenestene.

Lærdal har gode moglegheiter for å nå måla i oppvekstreforma, men det vil krevja vilje og mot til jobba på andre måtar enn me har gjort tidlegare. Arbeidet både i «Tett på» og kring førebyggjande plan viser at Lærdal har ei framoverlent haldning til førebygging og vil jobba mykje med å heva kompetansen på området.

Mål:

Å sikra handlingskompetanse hjå tilsette på område som kan danne grunnlag for tiltak frå barnevernet. Gjennom kompetente medarbeidarar vil me saman få gode barneverntenester.

PPT

Årdal kommune er vertskommune for felles PPT-teneste i Lærdal. PPT er kommunen sin rådgjevande og sakkunnige instans lovfesta i opplæringslova § 11-13. PPT skal hjelpa barn, elevar og vaksne med behov for særskilt tilrettelegging, og dei skal støtta og hjelpa barnehage og skule i planlegging av tiltak for barn og unge med spesielle behov. Målet er at dei får eit inkluderande, likeverdig og tilpassa pedagogisk tilbod. PPT har både system- og individretta oppgåver. Oppgåvene skal sjåast i samanheng. PPT har dagar der dei er ute i dei ulike barnehagane og skulane for å observera og rettleia. PPT skal vera tilgjengeleg og medverka til heilskap og samanheng i samarbeidet med einingane. For å arbeide førebyggjande, skal PPT hjelpa barnehage og skule i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling.

Tiltak for eit barn eller ein elev kan like gjerne vera å betra gruppe- eller klassemiljø, gruppe- eller klasseleiing, som å setja inn individuelle tiltak knytt til barnet eller eleven åleine. PPT skal syte for at det vert utforma ei sakkunnig vurdering der lova krev det. PPT skal ta med

barn, elevar og føresette på råd, slik at dei kan medverka til kva slags tilbod dei får. Dei skal ha fokus på behovet til barn og unge for god sosial og fagleg utvikling i barnehage og skule. Tid og midlar til kompetanseheving og tid til samarbeid med barnehage og skule vert viktige område for å få til ei god omlegging både for PPT og for barnehagen og skulen.

I gjeldande opplæringslov, ny 1.august 2024 er det vi tidlegare kjente som omgrepet «spesialundervisning» delt i tre individuelle rettar:

- Personleg assistanse (§ 11-4)
- Fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel (§ 11-5)
- Individuelt tilrettelagt opplæring (§ 11-6)

Lærdal kulturskule

Kulturskulen er eit tilbod om opplæring og aktivitet for alle barn og unge som ynsker å læra meir innan kunst og kultur. I kulturskulen kan ein mellom anna læra å dansa, synga, spela instrument, spela teater, teikna eller laga skulpturar. Mange barn og unge som går i kulturskulen får nye vener og opplever å bli del av eit fellesskap.

Kulturskulen har kompetente og profesjonelle lærarar. Elevane kan få undervisning i grupper med andre barn og unge eller individuelt. Opplæringa går hovudsakleg føre seg etter vanleg skuletid, men har og mykje opplæring i SFO tida. I Lærdal har det vore lang tradisjon for tett samarbeid mellom skule/barnehage og kulturskule, gjennom prosjekta PSM og

musikkbarnehage. I dei seinare åra har og kulturskulelærarane gjennomført musikkundervisninga i skulen etter kompetansemåla i læreplanen. Musikk og kulturskuletilbod til born og unge er heimla i opplæringslova og det skal vera organisert i tilknyting til skuleverket og kulturlivet elles.



Lærdal folkebibliotek

Lærdal folkebibliotek tilbyr tenester til skulane og til alle innbyggjarane i kommunen. Biblioteket er styrt etter Lov om folkebibliotek og skal gjera tilgjengeleg aktuelle bøker og andre media til innbyggjarane, samtidig som det skal vera ein inkluderande møtestad og arena for samtale og debatt.

Skulebibliotek

Reglane om skulebibliotek går fram av opplæringslova §15-5 *Skulebibliotek*.

Skulebiblioteket skal bidra til å utvikla språkferdigheitene, leseferdigheitene og evna til å tenkja kritisk hjå elevane, i tillegg til å jamna ut sosiale forskjellar. Kommunen skal sørgja for at elevane har tilgang til eit skulebibliotek eller eit anna bibliotek som er særskilt tilrettelagt for skulen. Biblioteket skal vera tilgjengeleg for elevane i skuletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæringa på skulen.



Ein sentral føresetnad for at elevane i Lærdal kommune skal bli gode og kritiske lesarar, er at dei finn motivasjon i lesing. Elevane må difor ha god tilgang på variert og aktuell skjønn- og faglitteratur. Skulebiblioteka er sentrale lærings- og dannelsesarenaer i skulen, og kviler på to søyler: den eine er arbeid med lesestimulering og litteraturformidling, den andre oppøving av informasjonskompetanse (kompetanse på informasjonssøking, kjeldekritikk og bruk av kjelder for å vurdere informasjonen ein finn). Eit samarbeid mellom folkebibliotek og skulane er grunnleggjande for å nytta ut felles ressursar. Samarbeidet bør formaliserast og utviklast i samband med nye biblioteklokale på dei to skulane.

Lærdal kommunale ungdomsklubb - Kosen

Lærdal kommunale ungdomsklubb, Kosen, er open for ungdom i alderen 13-18 år. Klubben har som oppgåve å leggja til rette for ulike sosiale aktivitetar for ungdom i fritida. Vaksne skal vere tilstades for ungdommane og det skal vera ein sosial møteplass med gode og positive opplevingar. Me ynskjer å leggja til rette for utvikling og kreativitet i samarbeid med andre. Det er lagt til rette for juniorklubb delar av året. Her er det i all hovudsak ope for 7. klassingar i tida veke 42 og fram til påske.

Fokusområde på oppvekstfeltet

1. Livsmeistring og inkludering

Slik vil me ha det:

- Alle barn skal oppleve tryggleik og inkludering når dei er i barnehage, skule og på SFO
- Kommunen har gode planar og rutinar for heilskap om samanheng i utdanningsløpet. Einingane har system for å bruka desse.
- Barn og unge skal bli møtt med respekt og varme. Dei skal bli høyrte og få medverka i saker som vedkjem dei.
- alle barn og unge skal ha like sjansar uavhengig av sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske skilnader og utgangspunkt - styrka uformelle møteplassar og leggja til rette for fysisk aktivitet

Tryggleik og inkludering i barnehage og skule

Inkludering i eit fellesskap, vennskap og lek med jamnaldrande styrkar sosial og personleg utvikling. Dette betyr mykje for korleis barn og unge har det i kvardagen. Me har i dag vorte meir merksame på kor viktig det er å kunne samhandla med andre barn og unge for å bli verdsett av venner. Alle skal kunne føla seg trygge og viktige, og oppleva at dei har ein naturleg plass i fellesskapet.

Barnehage, skule og SFO er dei viktigaste fellesarenaer for barn og unge i ei tid prega av stadig raskare endringar og aukande mangfald i samfunnet. Mangfald er verdifullt og det gjev barna og elevane høve til å utvikla toleranse og respekt for at me er ulike. Inkludering handlar om at alle barn og elevar skal oppleva at dei har ein naturleg plass i fellesskapet. Dei skal føla seg trygge og kunne erfara at dei er viktige. Eit inkluderande fellesskap omfattar alle barn og elevar. Inkluderande fellesskap i barnehagar og skular gjev grunnlag for å ta vare på mangfaldet. Dette treng dei å læra i samspel med andre barn, unge og vaksne. Dei vaksne i barnehage og skule har ei særleg viktig rolle i å skapa eit trygt, godt og inkluderande miljø.

For å lukkast i å sikra at alle opplever å ha eit godt og trygt barnehage- og skulemiljø, treng me systematisk arbeid der heile laget rundt barnet deltek. Leiarane må tydeleg signalisera at det psykososiale miljøet er viktig, og alle tilsette må ha ei konsekvent og felles vaksenrolle i høve alle barn og unge, «trygge vaksne». Slike fellesskap gir minst grobott for mobbing og negativ åtferd. Førebyggjande arbeid knytt til det psykososiale miljøet må ha merksemd i alle foreldregrupper og rådsorgan i barnehage og skule.

Både i barnehagelova og opplæringslova er det slått fast at barn og elevar har rett til eit trygt og godt miljø. Barn og unge si stemme skal koma tydeleg fram i førebyggjande arbeid og i einskildsaker, og elevråda og ungdomsrådet skal vere aktive bidragsytarar. Alle som jobbar innan oppvekst og helse skal bidra til at barn og unge får ein aktiv og helsefremjande oppvekst, med lek, fellesskap og glede. Kommunen har gitt forskrift om organisering av skuledemokratiet og om rettar og plikter for elevane, mellom anna om orden og åtferd (skulereglar). Dette går fram av § 10-7 i opplæringslova. Forskrift om skulereglar og skuledemokrati for Lærdal kommune finn du [her](#).

Heilskap og samanheng i utdanningsløpet

God samanheng i overgangar skal ivareta barnet sitt behov for tryggleik i overgangsprosessen og bidra til at opplæringa vert tilpassa enkeltbarnet allereie frå fyrste skuledag. Alle institusjonane i oppvekst og andre samarbeidande einingar har ansvar for å utvikla eit samarbeid som ivaretek samanhengar i opplæringsløpet.

Ansaret for samarbeid er heima i Barnehagelova § 2a og Opplæringslova § 4-7. Barnehage og skule har gjensidig plikt til å samarbeida om ein god overgang til skule og skulefritidsordning for barna. Regjeringa har dei siste åra teke grep for at barnehagar og skular skal gje like moglegheiter for alle. Jf. Blant anna St. 19 (2015–2016) *Tid for lek og læring – Bedre innhold i barnehagen*, Meld. St. 21 (2016–2017) *Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skulen og* Meld. St.6 (2019-2020) *Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO*

I følgje Kunnskapsdepartementet sitt rettleiingshefte (2008): *Frå eldst til yngst* er det viktig at me er medvitne om at overgangsprosessar er sårbare og kan støtta eller svekkja eit barn si utvikling, sjølvbilete og livskompetanse. God samanheng skal ivareta barnet sitt behov for tryggleik i overgangsproessen og bidra til at opplæringa vert tilpassa allereie frå første skuledag (Kunnskapsdepartementet, 2008).

God samanheng mellom barnehage og skule, SFO og vidare i utdanningsløpet skal ivareta barna sine behov for tryggleik og gode opplevingar som fremjar lærelyst og forventningar. Det å oppleve samanheng og gode overgangar gjev tryggleik i ein ny kvardag, og bidreg til tru på eigne krefter i møte med andre barn, læringsmiljø, lærarar og læringsarbeid i skulen. Lærdal kommune skal sikra at barn i barnehagen og elevlar i grunnskulen i Lærdal kommune skal få oppleve ein god overgang frå barnehage til skule og SFO, og gode overgangar vidare i utdanningsløpet. Temaplan «frå eldst til yngst» skildrar overgangar i utdanningsløpet i Lærdal kommune og frå barnehagane til og med vidaregåande utdanning.

2.Utdanning og opplæring

Slik vil me ha det:

- Barna/elevane skal kvar dag oppleve eit heilskapleg tilbod med tilrettelegging og tilpassa opplæring.
- Auka kompetanse ved systematisk arbeid over tid.
- Sikra godt inneklima, oppdatert datateknologi og trygge læringsmiljø i skule og barnehagane

God utdanning

Utdanning er ein grunnleggjande menneskerett. Utdanning er ein nøkkel til utvikling, og opnar moglegheitene for den enkelte og samfunnet. Dei tilsette er medvitne om at utdanningsløpet skal vera heilskapleg med gode overgangar. Alle har rett til å ha eit godt og trygt barnehage- og skulemiljø. Barnehage og skule skal vera ein trygg og inkluderande arena med fokus på godt samarbeid mellom barn og unge og deira føresette. Barnehage og skule skal vera ein god arena for omsorg, leik, danning og læring som grunnlag for allsidig utvikling.

Både Rammeplanen og Fagfornyinga gjev klare retningslinjer om retten som barn har til gode oppvekstvilkår med vekt på:

- eit godt psykososialt miljø
- nulltoleranse for mobbing
- tilrettelegging og tilpassa opplæring etter behova og føresetnadene til barna
- høve for fysisk aktivitet ute og inne, både i undervisning og i pausar

For å få dette til må barnehagane og grunnskulane i Lærdal leggja til grunn:

- eit grundig implementeringsarbeid ved utarbeiding av årsplanar.
- eit grundig arbeid med å gjera fokusområda synlege ved utarbeiding av års-/handlingsplan for verksemdene, og handla etter dei.

- eit godt samarbeid med føresette, helsestasjon, skulehelsetenesta, PPT og vaksne som gode rollemodellar.

Gode barnehagar og skular som løfter alle barn, uavhengig av bakgrunn, er dei viktigaste bidraga for å skapa eit samfunn med små skilnader og like forhold for alle. Barnehagen og skulen skal tenna gnisten som trengst for at barn og unge skal utvikla seg og læra, få eit godt liv og bli godt rusta til utdanning og jobb. Det er difor viktig at barnehage og skule samarbeider med helsestasjon/skulehelsetenesta og dei andre tenestene i oppvekst og utdanning som barn kan koma i kontakt med.

Tilrettelegging og tilpassa opplæring i barnehage og skule

Barn og elevar skal få raskt hjelp når det er behov for tilrettelegging eller oppstår nye behov undervegs i utdanningsløpet. På den måten vil ein kunne unngå at utfordringar veks seg større eller at den positive utviklinga stoppar opp. Dette er viktig for at den enkelte skal oppleve seg som ein verdifull del av fellesskapet og ha høve til utvikling og læring. Barn og unge er ulike med omsyn til bakgrunn og interesser, erfaringar og føresetnader, og dei utviklar seg i ulikt tempo.

Skulane i Lærdal kommune skal leggja vekt på å arbeia metodisk i klasserommet der det lar seg gjera, i staden for spesialundervisning ut av klasserommet i små grupper/åleine. Skulane skal arbeida for å undervisa innanfor rammene av ordinær undervisning med styrking for elevar som treng det. Kollegaer meistrar utfordringar saman, evaluerer eigen praksis og vidareutviklar eininga på grunnlag av aktuell forskning. Kommunen har og ei lovfesta oppfølgingsplikt når det gjeld å sørge for at elevar med fråvær frå opplæringa blir følgde opp. Det er utarbeida ei eiga rutine for oppfølging av skulefråvær i skulen.

Barnehage og skule må tenka på universell utforming, det handlar om å utforma omgjevnadane slik at me tek omsyn til variasjonen hjå barn og unge, og personar med nedsett funksjonsevne. Fysioterapeut og ergoterapeut i kommunen bør nyttast for råd og rettleiing i oppvekst for å sikra like sjansar trass i ulike utfordringar hjå barna.

Lærdal kommune har fokus på digitalisering og læring gjennom digitale læremiddel til alle elevar i grunnskulen. Dette gjev rom for tilrettelagt opplæring og ein moglegheit til å gje barn og unge like sjansar sjølv om dei har ulikt utgangspunkt. Digitale evner er ein av dei fem grunnleggjande evnene som skal utviklast gjennom heile grunnopplæringa. God informasjonstilgang, digital informasjons- og kommunikasjonsteknologi og høg grad av skriftleg framstilling i samfunnet gjer det avgjerande for elevane å meistra grunnleggjande evner i lesing, skrivning, rekning og dessutan digitale evner. Å kunne gjera kritiske vurderingar og bruka digitale medium på ein sikker måte er ein sentral del av dette.

Ha eit bevisst fokus og ein langsiktig strategi for kompetanseutvikling i tenestene under oppvekst og utdanning

Framover vil det bli viktig å ha eit sterkt fokus på kompetanseutvikling i Lærdal kommune. Planar og strukturar for fagleg oppdatering og vedlikehald av kompetanse er naudsynt for å

sikra ei god teneste. God fagkompetanse og eit godt tverrfagleg samarbeid medverkar til at me blir betre i stand til å ta vare på barn og elevar med behov for særskild tilrettelegging.

Tenestene i oppvekst og utdanning skal saman bidra til at barn og unge får ein god oppvekst. Eit godt tverrfagleg samarbeid er med på å byggja eit godt lag rundt barna og elevane. Arbeidsmetodikken Betre Tverrfagleg innsats (BTI) er eit felles satsingsområde i oppvekst og utdanning. Einingane må i planperioden implementera og auka kompetansen på BTI ved systematisk arbeid over tid. Lærdal kommune har to barnehagar og to grunnskular, dei har fokus på eit trygt og godt psykososialt miljø.

Skulane har vore inne i ein periode med høgt fokus på fagfornyninga. Eit samfunn i endring krev òg ein skule som fornyar seg. Fagfornyninga skal gi eit læreplanverk som førebur elevane på framtida. Faga skal få eit meir relevant innhald og tydelegare prioriteringar, og samanhengen mellom faga skal bli betre. I tillegg vil det breie dannelsingsoppdraget til skulen få ein tydelegare plass i skulekvardagen. Dette er eit langsiktig arbeid som trådde i kraft ved skulestart 2020, i koronaperioden og som skulle byggja vidare på Kunnskapsløftet.

Alle einingane skal ha plan for, og leggja til rette for, at dei tilsette kan auka kompetansen over tid. Dette kan gjerast ved vidareutdanning, kurs, prioriterte regionale nettverk, systematisk arbeid over tid med læringsmiljø, vaksenrollen, tidleg innsats, auka kompetanse på samhandling, vald i nære relasjonar, diskriminering og rasisme mm.

Sikre godt inneklima, oppdatert datateknologi og trygge læringsmiljø i skule og barnehagane

Alle skular og barnehagar i Norge skal være godkjent etter Forskrift om helse og miljø i barnehagar, skular og skulefritidsordningar. Barnehage/skuleeigar og rektor/styrar/tenesteleiar må ha avklara ansvar og roller knytt til det å søkja om godkjenning etter forskrifta, og ha rutinar for dette i internkontrollen.

Kommuneoverlegen i kvar medlemskommune i Milljøretta helsevern Indre Sogn, har fått delegert mynde for å godkjenna og føra tilsyn med barnehagar, skular og skulefritidsordningar i kommunen etter Forskrift om helse og miljø i barnehagar, skular og skulefritidsordningar. Det er barnehage- og skuleeigar som har ansvaret for å planlegga og driva skular og barnehagar i samsvar med forskrifta, og som er ansvarleg for å søkja om helseverngodkjenning.

Digital kometanse er heilt grunnleggande for å bygga bru mellom klassiske ferdigheiter og informasjonssamfunnet sine krav til ny kompetanse. Pedagogisk IKT planlegg føringar for korleis Lærdal skal leggja til rette for utviklinga av digital kompetanse dei neste åra. Planen viser til konkrete mål elevane skal nå på dei ulike trinna, og vil være forpliktande å følgja opp på den enkelte skule. Det er vidare eit mål at planen skal kunne brukast i utvikling og planlegging av IKT-undervisninga på skulane, og danna grunnlag for gode avgjerder for investering og vidareutvikling av dei digitale krava i grunnskulen.

Lærdal sin visjon for bruk av IKT i opplæringa er:

I våre skular vert IKT ein integrert, spennande og naturleg del av læringsarbeidet.

Dette betyr at Lærdal kommune ynskjer at skuleeigar, lærarar og elevar har ein digital kompetanse som gjer dei i stand til å nytta digitale verktøy på ein måte som fremjar læring, og som er aktuelle i samfunnslivet.

3.Organisasjon og samhandling

Slik vil me ha det:

- Arbeida tverrfagleg og i tett samarbeid med ulike fagetatar om førebyggjande helsearbeid retta mot barn og unge – samhandling rundt utsette barn og unge.
- Heim og dei ulike oppveksttenestene samarbeidar til beste for barnet
- Felles forståing for gjeldande planar, rutinar og handbøker for oppvekst og utdanning


Samhandling rundt utsette barn og unge – BTI er eit felles satsingsområde

Berekraftsmålet fungerer som ei felles, global retning og prioritert innsats i tida som kjem. Dette ligg til grunn i sektor oppvekst, sidan utgangspunktet er at samhandling gir betre tenester. Lærdal kommune skal sikra ein felles praksis for samarbeidet rundt barn og unge på alle nivå, og skapa ei felles forståing og utgangspunkt for oppveksttilhøve til desse. Einingane skal ha dialog med, og vera til stades for barn og føresette. Dei skal og gje rettleiing om tilgjengelege og relevante støttetilbod. Saman skal alle einingane i Oppvekst og utdanning ha styrka fokus på inkludering og tilpassa opplæring, og sikra arbeidet med å tidlegast mogleg kunne setja inn tiltak knytt til utsette barn og unge.

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/samarbeid-om-tjenester-til-barn-unge-og-deres-familier>

Samhandling – laget rundt barnet

BTI = Betre tverrfagleg innsats er ein kommunal modell for å sikra tidleg identifisering og oppfølging av utsette barn. Modellen skal vera på tre nivå og synleggjera korleis kommunen jobbar med oppvekst som heilskap.



Modellen skal digitaliserast og vera tilgjengeleg for alle tilsette og innbyggjarar i Lærdal kommune gjennom nettsida «tettpå.no» eller «tettpåbarnogunge.no». Dei tilsette som jobbar med gravide, barn, unge eller føresette skal i større grad kunne identifisera sine bekymringar og kjenna til rutinar for å gå i frå bekymring til handling gjennom felles kompetanseløft og handlingsretteleiar i BTI-modellen.

Heim og dei ulike oppveksttenestene i samarbeid til beste for barnet

Ein føresetnad for den positive utviklinga til barn er at dei veks opp i sikre omgjevnader der dei føler seg trygge og blir tatt vare på. Me veit at familien og særleg føresette er dei første og viktigaste støttespelarane til barn, og «lærarar» gjennom heile livet. Barn er fødde med ein naturleg forvitskap på verda, dei er aktive og utforskande, alltid klare til å læra og oppdaga noko nytt. Det er først og fremst i relasjon og samspel med føresette at utviklinga til barnet skjer. Barn utviklar seg og lærer heile tida gjennom leik, utforsking, aktivt engasjement og ved å bruka sansane sine. Eit godt tverrfagleg samarbeid er med på å byggja eit godt lag rundt barna og elevane. Eit godt samarbeid med heimen er derfor viktig for alle tenestene barn og unge samhandlar med.

Oppvekstforholda i Lærdal kommune skal vera prega av samhandling og trivsel. Dei erfaringane som barn og unge får i heimen, barnehagen, skulen og på andre arenaer har konsekvensar for korleis dei ser på seg sjølve, korleis dei ser på framtida og kva for mogleegheiter dei har seinare i livet.

For å kunne trivast og ha best moglege føresetnader for å læra og utvikla seg i barnehagen og på skulen treng barna og elevane støtte frå sine føresette.


Kommunepsykolog, helsestasjon, barnevern og PPT kan gi rettleiing til føresette for å trygga dei i foreldrerolla eller samspel med barna. Dei føresette kan få vita korleis dei kan få hjelp, og når dei kan venta å få hjelp. Dei får vita korleis dei kan påverka og gi tilbakemelding om kvaliteten på tilbodet dei får.

Barnehage og skule er viktige arenaer i livet til barn og unge og må ha fokus på å involvera, informera og samarbeida med føresette. Einingane i oppvekst og utdanning har system og rutinar for gjensidige forventningar mellom teneste og heim. Samarbeidet med føresette skal organiserast av einingane på ein slik måte at dei føresette kan delta og bidra, uavhengig av bakgrunn og føresetnader.

Skule og barnehage utarbeider årsplanar der eit konkret og planmessig samarbeid mellom barnehage/skule og heimen er synleggjort.

Melding til stortinget 6 (2019-2020) Tett på –tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO

Stortingsmeldinga som har vore ein av dei viktigaste påverknadane i lag med oppvekstreforma gjev klare råd og forventningar til kommunane i samband med oppvekstreforma. Dette er eit viktig dokument i utvikling av det tverrfaglege samarbeidet. «Barnehagane, skulane og det lokale støttesystemet må samarbeide godt slik at barna og elevane får eit heilskapleg tilbod og rask tilgang til relevant kompetanse.» (Meld.St.62019-2020) s. 13)



(Figur 2 henta frå Meld. St. 6 (2019-2020))

Godt tverrfagleg samarbeid er ein føresetnad for å skapa eit miljø der alle vert inkluderte, opplever fellesskap og meistring. Slik kan ein førebyggja at problem utviklar seg eller at dei vert større enn nødvendig (Meld. St. 6 (2019-2020) s. 78). I oppvekstreforma er det forventa

eit auka nærvær av alle kommunale etatar, og at alle skal delta på dei arenaene der barn og unge allereie er: i barnehage og skule.

Felles forståing for gjeldande planar, rutinar og handbøker for oppvekst og utdanning

Lærdal kommune har sterkt fokus på kompetanseheving for å utvikla ei felles forståing og eit felles språk i arbeidet med barn og unge. Ved å heva kompetansen til dei tilsette vil me betre kunne sikra at me kan nå målsettingane. Det er utarbeidd ei rekkje planar og rutinar for alle tilsette som arbeider med barn og unge og deira familiar. For at tenestene skal kunne samarbeida om å gje det beste tenestetilbodet til dei som treng koordinert hjelp, er det viktig at alle kjenner til og følg opp desse. Planane og rutinane skal vere retningsgjevande for arbeidet i einingane. Einingane skal ha eit system/årshjul for å halda seg orienterte ift dei ulike planane, prosedyrane og rutinene som finst.

Dette er planar som til dømes:

- Prosedyre for å sikra retten til eit godt og trygt skulemiljø
- Rutine for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning
- Rutine for skulefråvær
- Frå eldst til yngst – rutine for å sikra gode overgangar
- Beredskapsplan for alvorlege hendingar i skulen
- Sorg og kriseplan for barnehage og skule
- Handlingsplan for vald i nære relasjonar
- Førebyggjande plan for barn og unge
- Entreprenørskapsplan
- Pedagogisk IKT-plan

Lista er ikkje uttømmmande.